

Lindås kommune
Plan- og miljøutvalget
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	L12
30 AUG 2013	
Ark. saksnr.	Løpenr.
2013/670	
Saksbehandler	Saksbehandler
WICHRE	

Merknad til reguleringsplan Fonnebost Småbåthamn, gnr. 106 bnr. 12 m.fl.

Viser til brev motteke 11.07.13 vedrørende reguleringsplan Fonnebost Småbåthamn.

Fonnebost er i dag eit område prega av aktivt landbruk med både heiltid- og deltidsbønder. At jorda blir driven aktivt på denne måten er avgjerande for å halda kulturlandskapet i hevd og hindra attgroing. Dette er i samsvar med nasjonale prioriteringar og målsetjingar.

Området er og attraktivt for rekreasjon og friluftsliv, noko som viser seg i stor trafikk av mjuke trafikkantar av ulikt slag.

Me meiner tiltaka i planen vil komma i konflikt med landbruks- og friluftsiinteressene i området, og dermed få negative konsekvensar for desse. Særleg ser me auke i trafikk som eit problem. Me kan ikkje sjå at det ligg føre ei god nok vurdering av den trafikkauke planen vil føra med seg.

Kommuneplanens føresegner og retningslinjer stiller og krav om trafiksikringstiltak langs FV 400, Lindås-Fonnebostsjøen.

Me stiller oss undrande til at utbyggars framlegg om å utvida vegen gjennom føreslått nytt bustadfelt skal vera trafiksikringstiltak godt nok.

Me har framleis ikkje motteke tilfredsstillande informasjon frå utbyggjar om kvifor våre eigedommar er teke med i planen. Me opprettheld derfor vår tidlegare merknad i saka, og ber igjen om at våre eigedommar gbnr 106/75 og 106/48 blir halde utanfor føreslått reguleringsplan.

Me gjer og merksam på at me ikkje vil ta del i kostnader i samband med reguleringsplanen.

Mvh *Harald Hodnekvam,*
Vigdiz Hodnekvam.
Ørn Kalsås
for Svein Kalsås